

**Saksframlegg****Rullering av handlingsplan for psykisk helse 2012.**

Utval	Utvålssak	Møtedato
Kommunestyret	99/11	15.12.2011

**Endeleg vedtaksrett i saka har:** kommunestyret**Dokument i saka:**

Handlingsplan for psykisk helse 2007 - 2010

**Bakgrunn for saka:**

Handlingsplan for psykisk helse 2007-2010 med handlingsprogram rullerast kvart år i samband med budsjetthandsaminga.

Opptappingsplan for psykisk helse blei i perioden 1999 -2008 finansiert med øyremarka tilskott. midlane er nå lagt inn i ramma som frie midlar til kommunen.

Framlegg til rullering er utarbeidet i tverrfaglege fora med representantar frå: skule, kultur, barnehage, helse, psykiatri, pleie- og omsorg, aktivitet og NAV. I dette arbeidet er eksisterande tiltak evaluert og tiltak justert.

I handlingsprogram for psykisk helse er tiltaka sett i samanheng med tiltak i ruspolitisk plan.

**Vurdering:**

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2012 -2015 : Innbyggjarane skal oppleve heilskapelege heilskapelege helse- og omsorgstenestar gjennom utstrekt tverrfagleg samarbeid.*

Handlingsplan for psykiatri vert ikkje rullert før 2012 i samband med arbeidet med plan for helse og omsorg. Det er naudsynt å sjå behov og tiltak i eit overordna perspektiv, for 2012 rullerast difor handlingsprogrammet i budsjetthandsaminga.

I handlingsplan/tiltaksplan for 2012 er det lagt vekt på samhandling og tverrfagleg samarbeid, internt og eksternt.

Det er spesielt fokus på å styrke psykisk helsearbeid for barn og unge. Dette styrkar psykososiale tenestar og kultur og fritidstiltak for born og unge.

Det er lagt vekt på førebyggjande tiltak gjennom å fremme hjelp til sjølvhjelp, aktivitet, sosiale arenaer for å fremme sjølvstende og evne til å meistre eget liv.

Kompetanseheving vert vidareført og styrka.

Tiltaksplanen vidarefører eksisterande tilbod.

**Handlingsplan for psykisk helse**

Tiltak i 1000 kr og årsverk

Tiltak	ansvar	2012	2013	2014	2015
Vedtekne stillingar i psykiatri blir vidareført: Psykiatrisk sjukepleiar 100% Psykiatrisk hjelpepleiar 65%	helse helse helse	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett	Kostnad innarbeida i lønns-budsjett`

Helsesøster 5% Miljøarbeidar oppvekst 40%. Jordmor ungdommens helsestasjon 20% Fysioterapeut 20%	oppvekst  Helse				
Helsestasjon for ungdom SMS teneste for ungdom Ungdomsaerobic for jenter	helse	Budsj. helse			
Aktivitetstilbod vaksne: Aktivitetshuset Aktivit/dagavd. POS	Helse (20`)  Aktivitet (20`)	40`	40`	40`	40`
Omsorgsteam Førebyggjande tiltak barn og unge.		110`	110`	110`	110`
Sommaraktivitetar ungdom (tverrsektorielt prosjekt 2011)	Sektor helse og omsorg. Sektor kultur og oppvekst.	60`	60`	60`	60`
Rekrutteringstiltak og kurs: Støttekontaktar og treningskontaktar Fritid med bistand for barn, ungdom og vaksne.	Psykatri,NAV og aktivitet	10`	10`	10`	10`
Brukarorganisasjonar: Styrke brukarmedverknad	Mental helse	12`	12`	12`	12`
Kompetanseheving: Tverrfagleg kompetanseheving. Temakveldar	Sektor helse og omsorg	60`	60`	60`	60`

### Konklusjon:

Tiltaksplanen er utarbeidet av eit fleirfagleg fora og vidarefører eksisterande tilbod innan psykisk helse.

### Innstilling frå rådmannen:

Handlingsplan for psykisk helse og eit betre liv med tilhøyrande tiltaksplan blir vedteken slik ho ligg føre.

### Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2011

Samrøystes for framlegget frå rådmannen.

### Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2011

Handlingsplan for psykisk helse og eit betre liv med tilhøyrande tiltaksplan blir vedteken slik ho ligg føre.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Vivi Amstrup Nielsen
	sektorsjef helse og omsorg